

# Hamnereglar for SA Naustdal Båtlag

Vedteke på årsmøte 26. mars 2015. Sist endra på Årsmøtre 2022

## 1. FORMÅL

Hamnereglane er fastsett av årsmøte i Naustdal Båtlag. Hamnereglane skal gi nærmare reglar om ferdsel og bruk av hamneområdet. Reglane gjeld for alle som brukar hamneområdet.

## 2. LEIING OG DRIFTSANSVAR

Styret i båtlaget har utnemnd hamnesjef som på vegne av styret fører tilsyn med båthamna og rapporterer til styret.

Alle forhold som vedkjem båthamna skal rettast til hamnesjefen. Alle er pliktige til å rette seg etter avgjerd frå hamnesjefen.

## 3. HAMNESJEF

Hamnesjefen skal:

- føre tilsyn med at båtlaget sine lover og hamnereglar vert følgt.
- skal påtale brot på lover og hamnereglar og pliktar å rapportere alvorlege brot til styret.
- skal vise bort personar som ikkje har lovleg tilgang til båthamna.

Hamnesjefen kan krevje at personar i båthamna skal legge fram legitimasjon. Hamnesjefen

## 4. TILGANG TIL FLYTEBRYGGER OG BÅTPLASSAR

Det er berre medlemmer eller den som eit medlem gir løyve til, som har tilgang til flytebryggene og båtplassar.

## 5. BRUK AV SLIPPEN

Bruk av slippet er gratis for dei som er medlem i båtlaget.

Andre som vil nytte slippet med eigen båthengar skal betale kr. 100,- for sjøsetjing og landsetjing. Bruk av slipp eller anna utstyr i båthamna skjer på eige ansvar.

## 6. OPPLAG FOR FRITIDSBÅTAR

For å ha båtar i opplag i båthamna må dette vere avtalt med styret og hamnesjefane.

## 7. MOTORFERDSEL I BÅTHAMNA

All ferdsel i hamna skal skje med varsemnd. All ut- og innkjøring av og i hamna skal ikkje overstige 3 knop.

## 8. BÅTPLASSAR

Båtplassar som er tildelt av styret vert anvist av hamnesjefen. Alle båtar må leggjast på tildelt plass. Standardreidde på båtplassane i båthamna, målt i lys-opning, mellom kvar bryggjeplass skal vere:

- 2.19 meter for ein 4 meter plass
- 2.69 meter for ein 6 meter plass
- 3.10 meter for ein 8 meter plass

Det er høve til å leige ekstra breidde ref §19 i Lov for SA Naustdal Båtlag  
Maks lengde for båtar i flytebryggene er 10.5 m (34.5 fot)

Det er ikkje høve til å byggje anretningar på eller kring båtplassen, ekstra treverk på uteliggjar eller liknande.

## 9. FORTØYING

Alle båtar må vera forsvarleg fortøyde og fendra. Båtar større enn 20 fot skal bruke strekkavlastar på fortøyingar. Fortøyingane må ikkje vere til hinder for andre. Båteigar pliktar å lense båten og halde tilsyn med den.

## 10. BRUK AV STRAUM I BÅTHAMNA

Det er ikkje lov å nytte landstraum utan straummålar tilkopa, unntak er tilfeldig og kortvarig bruk når båteigar er til stades i båthamna. All tilknytning til elektriske installasjonar i båthamna skal skje i samsvar NEK 400-7-709 - Marinaer og hamnereglane.

Båtlaget har kjøpt inn straummålarar som skal nyttast når ein har straum tilkopa i båten. Ein må betale eit depositum på kr. 1000,- for leige av målar. Beløpet vert betalt tilbake når straummålaren vert levert tilbake til båtlaget. Den som leiger straummålar er ansvarleg for å levere den tilbake i god stand. Eventuelle skader må dekkast av leigetakar.

Straummålarane vert lest av på våren og forbrukt straum vert fakturert saman med den årlege innbetalinga til båtlaget.

## 11. ORDEN OG REINSEMD

I båthamna skal det til ei kvar tid herska orden på alle måtar, og alle medlemmane pliktar å sjå til at dette skjer.

Det er ikkje høve til å lagre utstyr og anna i buone eller på bryggene.

Det er ikkje lov å sløya fisk i båthamna. Fiskeavfall skal ikkje kastast på innsida av moloen.

Det er forbode å kaste avfall av alle slag i hamneområdet.

Restavfall skal kvar enkelt ta med seg heim. Spesialavfall må den enkelte syte for å deponere på eigna avfallsplass.

Rusing av motorar eller musikkanlegg med høgt volum, er ikkje tillate. Det skal vere ro i båthamna etter kl. 2200.

På søn- og helgedagar er det ikkje lov å utføre arbeid i hamneområdet som medfører støy og er til ulempe for andre. Dette gjeld også alle yrkedagar mellom kl. 2200 og 0700.

## 12. TIDER FOR VINTEROPPLAG

Båtar i vinteropplag skal sjøsettast innan 31. mai. Avvik må godkjennast av hamnesjef og styret.

## 13. SKADER OG ANSVAR

Ein kvar båteigar er pliktig å ha båten sin forsikra mot eventuell skade som vert påført båthamna og/eller andre båtar i hamna.

Ved skade på person, andre båtar eller anlegg skal hamnesjefen informerast utan grunna opphald. Ved skade på andre båtar er den som har forårsaka skaden også pliktig å varsle den fornærma båteigar(ar).

Når det gjeld båtlaget sitt ansvar vert det vist til båtlaget si lov § 21.

## 14. BROT PÅ LOVER OG REGLAR

Alle brukarar av båthamna pliktar å sette seg inn i laget sine lover og hamnereglar.

For brot på lover og hamnereglane vert det vist til båtlaget si lov § 23.

## **15. INSTRUKS FOR TILKNYTNING TIL ELEKTRISKE INSTALLASJONAR I BÅTHAMNA**

Instruksen er fastsett iht. NEK 400-7-709 Mariner og havneregler for Naustdal Båtlag.

I båthavnen er det jordet strømforsyning.

### **Generelt**

1. Hvis du ikke har en skilletransformator om bord for å skille det elektriske systemet om bord i din båt fra landsystemet kan elektrolytiske korrosjon ødelegge din båt eller båter i nærheten.
2. Forsyningsspenningen i denne båthavnen er 230 V 50 Hz, forsynt over stikkontakter i samsvar med NEK EN 60309-2.
3. Det skal tas forholdsregler for å hindre at den bevegelige tilknytningsledningen faller i vannet ved frakopling. Dersom tilknytningsledningen faller i vannet må den kontrolleres av en fagperson da den kan være farlig å benyttes etterpå.
4. Bare en fleksibel tilknytningsledning tilkoples en stikkontakt.
5. Bare ett fartøy bør tilkoples en stikkontakt.
6. Den fleksible tilknytningsledningen skal være i en lengde, uten skjøter/skjøtesett.
7. Fuktighet, støv eller salt i inntaket på båten kan utgjøre en fare. Undersøk inntaket, og gjør det rent og tørk det, hvis nødvendig, før det tilkoples til båthavnens forsyningssystem.
8. Det er farlig for ikke-sakkyndige personer å forsøke å reparere eller endre på det elektriske utstyret. Hvis vanskeligheter skulle oppstå ta kontakt med hamnesjefene.

### **Ved ankomst:**

1. Koble fra alt strømforbrukende utstyr om bord.
2. Undersøk tilkopplingsledningen og skjøtekontaktene for å forsikre deg om at de er uskadd og i god stand.
3. Tilknytt den fleksible ledningen først til inntaket om bord og deretter til stikkontakten på land.
4. Forsikre deg om at tilknytningskabelen er plassert slik at den ikke vil bli ødelagt og ikke vil medføre fare for andre personer

### **Ved avreise:**

1. Koble fra alt strømforbrukende utstyr om bord.
2. Trekk ut pluggen av stikkontakten på land først og deretter skjøtekontakten fra inntaket ombord.
3. Sett på lokket på inntaket om bord for å forhindre inntrengning av vann.
4. Kveil opp tilkopplingsledningen og forviss deg om at plugg og skjøtekontakt er rene og tørre, og plasser tilkopplingsledningen på et tørt sted hvor den ikke kan bli ødelagt.